



<p>SANDNES KOMMUNE</p> <p>MØTEREFERAT</p>	<p>MØTETYPE:SU MØTE NR.: 4</p> <p>DATO:04.12.24 STAD: Høle skule MØTELEIAR: Roar Wold MØTEREFERENT: Arvid Strand</p>	 <p>Høle barne- og ungdomsskule</p>	
<p>Til stades:</p>	<p>Roar Wold, Anne Gro Hamre, Gina Osaland, Linn Vold, Vebjørn Watsend, Wenche Alsvik og Arvid Strand.</p>		
<p>Forfall:</p>	<p>Hilde Hommeland, Victoria Voll</p>		
<p>Sendast og:</p>	<p>Politisk sekretariat og Utval for kultur og oppvekst gjennom 360.</p>		
<p>Saker</p>			<p>Ansvar</p>
<p>SAK 27/24</p>	<p>Referat frå SU-møte 25.09.24</p> <p>Protokoll godkjent</p>		
<p>SAK 28/24</p>	<p>Høring; Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i Sandnes Kommune.</p> <p>“Dette høringsutkastet presenterer en ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehager og skoler i Sandnes kommune. Strategien tar sikte på å sikre at alle barn og unge får en god digital oppvekst, samtidig som den understøtter pedagogisk frihet og innovasjon.”</p> <p>SU tek saka til etterretning</p>		
<p>SAK 29/24</p>	<p>Nasjonale Prøvar 2024</p> <p>Resultata føyer seg inn i våre trendar, både dei vi ser svært godt nøgde med og dei vi må heve læringsresultata på. Vi er også sers godt nøgde med elevane våre som jobba grundig på prøvane.</p> <p>I engelsk, rekning, samt lesing 5 og 9. trinn ligg vi sers godt over nasjonalt snitt på våre trendar. Sidan vi er få elevar, er vi på system/skulenivå alltid opptekne av trendar, resultat målt som gjennomsnitt over 5 år. I lesing 8. trinn har vi ein nedadgåande trend. Det er diverre også ei nasjonal trend med synkande lesenivå på mellomtrinnet. (Nasjonal prøve 8. trinn måler kunnskap mellom 5. klasse til og med september i 8. klasse, altså resultat mellomtrinn)</p> <p>Lærarane har no laga rapport for kvar prøve og i den er det analyse av resultata og lagt fram kva område elevane skal jobbe meir med. Elevar som skårer på nivå 1 og 2 i lesing har alt no fått tilbod om kurs i lesestrategiar. Dette kurset har ser vi stor effekt av, og elevar som har</p>		

	<p>gjennomført det har som oftest framgang i leseutvikling til neste nasjonal prøve.</p> <p>Andre tiltak for å sikre elevane på mellomtrinnet leseutvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ressurslærer i norsk bistår i analyse og oppfølging av resultata. - Tettare samarbeid mellom ressurslærer - faglærer og skulebibliotek, feks i å finne fagtekstar og litteratur. - Eit feilmønster som ser ut til å gå igjen er feil i fagtekstar samfunnsfag. Kjøper nye lærebøker og ber lærarane finne og jobbe med fagtekster utanom bøker. <p>For engelsk og rekning:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Følg rutinene slik dei er skildra i lokale planar i engelsk og rekning, samt årsplan nasjonale prøvar. <p>SU tek saka til etterretning</p>	
SAK 30/24	<p>Korleis skal vi arrangere 10.klassefesten i åra frametter?</p> <p>Etter ønske fra SU har rektor oppdatert «Rutiner for 10.klassefest Høle skule». Desse vil ligge til grunn for gjennomføring av 10.klassefesten i åra framover.</p> <p>SU tek saka til etterretning.</p>	
SAK 31/24	<p>Foreldreundersøkinga er satt på pause.</p> <p>Utdanningsdirektoratet informerer om at dei på bakgrunn av tilbakemeldingar frå kommunar, foreldre og skular vel å setja Foreldreundersøkinga på pause.</p> <p>SU tek saka til etterretning</p>	
SAK 32/24	<p>Midler til praktisk utstyr (ref sak 23/24)</p> <p>Høle skule sin del av regjeringa si satsning på praktisk utstyr til skulane var kr.28761,-</p> <p>Det er kjøpt inn utstyr til musikk, sløy og friluftsliv.</p> <p>SU tek saka til etterretning</p>	
SAK 33/24	<p>Klassetrivsel er no gjennomført i frå 1.-10.klasse</p> <p>Det er ei undersøking som ikkje er anonym og som er eit godt verktøy i arbeidet med å holde på eller opprette eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Det kom ikkje fram saker som ikkje det var tiltak på i undersøkinga, elevane rapporterer at dei har lite/ingen mobbing og trivast generelt godt.</p> <p>SU tek saka til etterretning</p>	
SAK 34/24	<p>Ståstedsanalyse for skule</p> <p>Denne kartlegginga gjennomførast kvart 3. år og blir utgangspunkt for utvida utviklingssamtale med fagstab.</p> <p>SU tek saka til etterretning</p>	

SAK 35/24	HMS- Årsplan 2025 Årsplan for HMS 2025 ble vedtatt slik den blei lagt fram i SU møte. Samrøystes	